



Nausthaugen 2 er seld til Geir Rusten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Selskapet Breidablikk Eigedom AS, der Geir Rusten eig alle aksjane, har no kjøpt ein stor sentrumseigedom i Uskedalen som har stått tom lenge. Det er Nausthaugen 2, der det i mange år var ein assortert butikk.

Prisantydningen var 3 millionar, men Rusten opplysar til uskedalen.no at han har betalt 2 275 000 kroner for den kombinerte bustad- og næringseigedommen og meiner at dette er eit godt kjøp.

Førebels har han ikkje nokre konkrete planar for Nausthaugen 2, men strekar under at eigedomen har eit stort potensiale.

Leilegheita i andre høgda er til dømes på 200 kvadratmeter og Rusten kan tenkja seg å dela opp denne i fleire einingar.

Bruttoarealet i bygget er tett innpå 700 kvadratmeter og det er garasje i kjellaren.

Rusten har førebels ikkje hatt kontakt med nokon som kan tenkja seg å starta opp att nokon form for næringsverksemd i Nausthaugen 2.

Av Ola Matti Mathisen